



# Møtereferat

## Emne:

Dato: 18.09.2020	Tid: Kl. 18.00 – 19.05	Stad: Voss – Scandic hotell Voss
Møtenr: 001-2020	Møteansvarleg: Org. kom. – v/rennleiar	Referent: Adm. sekr.

Følgjande kretsar møtte ikkje: Agder-, Finnmark- og Sør-Trøndelag Skiskyttarkrets

## Saksliste for møtet:

1. Offisiell opning av møtet
2. Org. Komité NM Rulleskiskyting
3. Opprop
4. Val av rennjury
5. Orientering frå smittegruppa
6. Teknisk briefing for neste konkurranse
7. TD's kommentarer
8. Værvarel
9. Andre saker
10. Offisiell avslutning av møtet

Sjå presentasjonen for detaljar kring det som vart gjennomgått.

## Gjennomføring av møtet

Nokre hovudpunkt frå møtet var:

- Leiar i org. kom. Oddvar Jansen helsa velkommen til NM Rulleskiskyting 2020.
- Leiar for smitteverngruppa Oddvar Kvalnes gjekk gjennom kornareglar for arrangementet.
- Det er naudsynt at alle respekterer at det **ikkje skal vera samanblanding** av personar frå dei ulike sonane – sone for publikum, sone for ledsagarar, sone for utøvarar.
- Me har også generell beredskap i arenaen på andre skadar som måtte oppstå.
- Rennkontoret er ope frå kl. 07.00 – 19.00.
- Pulje 1-2 Ledsager og aktive skal parkera på oppsida av garasjen, pulje 3 og 4 på nedsida av garasjen.
- Avtrekkskontroll føregår i den store garasjen.
- Sundag vert det teke avtrekkskontroll som stikkprøvar etter målgang.
- Det vert sjekk av briker i garasjen før inngang i arena.
- Utdeling av pose med startnummer og deltakarpremie for alle deltakarane.
- Sjekkpunkt ved inngang til arena – ingen kjem ikkje inn i arenaen utan startnummer.
- Det er mogleg å gå på eigne rulleski frå utgang til standplass.



- Gisle Fenne orienterte om rutinar på standplass.
- Tilvising av skiver ved inngang på liggjande - 20 skiver på ligg.
- Utøvarane veit ikkje ved inngang kva skive dei skal liggje på.
- Etter målgang skal alle utøvarane snarast råd levera skia og henta eige utstyr og forlata arenaen.
- Alle må gå seg ned/jogge ned utanfor konkurransearenaen, og utan å blanda seg med andre puljer.
  
- Pulje 1 må ut av stadion før pulje 2 kan komma inn – ingen samanblanding av puljer.
- Det vert premieseremoni for dei 3 beste, og dette vert straks etter at 15 min. protesttid er gått.
- Det er berre dei tre beste som vert verande att oppe på stadion. Resten av pulja må ut.
  
- Rennleiar Arnstein Aas orienterte om rutinar og logistikk i samband med opphaldet på arenaen.
- Det er viktig at alle ledsagarar respekterer oppmerkinga som er for dei avgrensa sekundering-/coaching sonene, og at alle held avstand på min. 1 meter (fylgjer smitteverntreglane).
- Coaching sone vert under brua før inngang standplass, og frå utgang skytebane på venstreside og opp til "krysset".
- Ledsagarar skal gå til inngang kulvert for registrering og verta akkreditert.
- Billettsystem app vart demonstrert.

## SUNDAG

- Start for innskyting og starttider vart gjennomgått.
- Pulje 1 – dersom me ikkje er ferdige til rett tid må me utsetja neste pulje ...osv
- Sundag må alle utøvarar berekna god tid til utlevering av rulleski før start.
- 1 m regel gjeld også for utøvarar.
  
- Toalett for ledsagarar er i kjellaren på speaker/tidtakarbua.
  
- Dersom rulleski ikkje er i orden skal me prøva å byta så langt som mogeleg. Det bør vera vesentleg feil dersom det skal vera grunnlag for ombyte.
  
- Premieutdeling – sjå tabell i presentasjonen.

## Andre saker

- **Lisens må vera løyst før start laurdag, dersom ikkje vert det startnekt. Kretsane sjekkar i lister frå arrangør.**
- TD og NSSF gav honnør til arrangør som har klart å leggje ramma for eit flott arrangement, og der rammevilkåra har vore særskilt krevjande i lys av dei rådande omstende med smittevern m.m.

Det vart ynskt lykke til for løparar, leiarar og arrangør!!!